

I 1



## Statens vegvesen

Helgesen Tekniske bygg  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsrnr:  
Kari Elster Moen -

Vår referanse:  
2014/152764-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.01.2015

### Uttale til søknad om utvida bruk av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense - Fv 415 - Tilbygg Rognaldsen bakeri - Gnr. 108 bnr. 80 m.fl. - Lindås kommune

Statens vegvesen viser til søknad om utvida bruk av avkjørsel, datert 8. desember 2014, og søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 415, datert 10. desember 2014. Vi var på synfaring på staden 16. desember 2014.

Rognaldsen bakeri har søkt om byggeløyve etter plan- og bygningslova for tilbygg til produksjonslokalet sitt. I samband med dette er det søkt om dispensasjon frå veglova sitt krav til byggegrense mot veg og utvida bruk av avkjørsle. Ettersom avstanden til veg i dette tilfellet er større enn kommuneplanen for Lindås sitt krav på 15 meter, er det ikkje nødvendig med søknad om dispensasjon for byggegrense mot veg.

#### Opplysningar om saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaka vere avklara etter plan- og bygningslova. Gnr. 108 bnr. 80 mfl. er dels vist som næringsføremål (gjeld eksisterande næringsbygg) og dels som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel. Det er Lindås kommune som planmynde som avklarar ein eventuell dispensasjon frå LNF-føremålet. Lindås kommune handsamar og søknader om dispensasjon frå kommuneplanen sine krav om byggegrenser. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale til dispensasjonsvurderinga etter plan- og bygningslova.

#### Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsle til fylkesveg 415 fordi det er søkt om å bygge eit tilbygg til eksisterande næringsbygg (vår referanse hp 1 km 2,368).

I rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest (2013-2016) er vegen klassifisert med haldningsklasse 3.

På synfaringa 16. desember registrerte vi ei svært brei og utflytande avkjørsle med litt for kort siktlinje mot venstre ved utkjørsla. Slik vi ser saka no må det gjerast utbetringar av avkjørsla

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

før det kan gjevast løyve til utvida bruk. Under føresetnad av at avkjørsla vert opparbeidd i tråd med våre krav og i samsvar med tekniske retningslinjer har vi ingen vesentlege merknader til kommunen si handsaming av saka

**Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova**

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om utvida bruk av avkjørsel til saka er avklart etter plan- og bygningslova frå kommunen si side. Det må då sendast ny søknad med teikningar som viser at dei tekniske krava er oppfylt.

plan- og forvaltningsseksjonen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Kari Elster Moen*

Kari Elster Moen  
overingeniør

Kopi: Lindås kommune (e-post)